



Rovviltneimnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltneimnda region 1
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Dykkar ref:

Vår ref.:
2026/3471

Arkivnr.:
434.21

Dato:
16.03.2026

Protokoll frå møte i rovviltneimnda i region 1, 16. mars 2026

Frå rovviltneimnda deltok: Noralv Distad, Trude Brosvik, Kine Bratli Dale, Fredrik Jensen og Harald Halvorsen Løland. I tillegg deltok vara Sigbjørn Framnes.

Frå sekretariatet: Hermund Mjelstad

Andre frå statsforvaltarane: Eline Orheim, Bjørn Mo, Gry Gasbjerg Engemyr og Marit Elise Smith Eidet.

Sak 01/2026 Midlar til førebyggjande tiltak og konfliktdempjande tiltak. Driftsbudsjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet (Mdir) fordeler kvart år midlane til nemndene, jf. brev om planleggingsramme 27.02.2026.

Rapporteringsfrist for bruken av tilskot er 21. januar 2027

Forskrifta om tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskade og konfliktdempjande tiltak (sjå Lovdata: [Forskrift førebyggjande tiltak](#)) vart endra i 2023, slik at kommunar kunne søkje om tilskot til kommunale og interkommunale skadefellingslag. Tilskot til kommunale og interkommunale skadefellingslag ligg inne som eiga søknadsskjema gjennom ESS (elektronisk søknadssenter), og går utanom budsjettet til nemnda. **Men for 2026 er dette endra igjen tilbake til den «gamle ordninga» og slik at alt no går gjennom nemnda sitt**

Postadresse:
Rovviltneimnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltneimnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Noralv.Distad@vlfk.no
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>
Rovviltneimnda region 1
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovvilt-nemnda-region-1/>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

budsjett, også tilskot til skadefellingslaga. Sjå brev om planleggingsrammer for regionale rovviltnemnder 27.02.2026, vedlagt.

Reglane for tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak føreset at alle søkjarar nyttar Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter, og at dei er sendt inn innan fristen 15.02.2026. Søknadssenteret skal og nyttast for rapportering av korleis tilskotet er nytta. Dette føreset at statsforvaltarane handsamar søknadane i søknadssenteret og sett krav til rapportering der.

Forslag til fordeling av tildelt ramme:

	Tilskot 142073	Tenestekjøp 142021	Drift 142021
Statsforvaltaren i Vestland	450 000	135 000	475 000
Statsforvaltaren i Rogaland	100 000	30 000	
Statsforvaltaren i Agder	250 000	135 000	
Totalt for region 1	800 000	300 000	475 000

Vurdering og grunngjeving

Rovviltnemnda skal fordele rammetilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak til statsforvaltarane i regionen (1420.73) og gje overordna føringar for bruken til statsforvaltarane jf. [Forskrift om tilskudd til forebyggende tiltak mot rovviltsskader og konfliktdempende tiltak \(FKT-forskriften\) - Lovdata](#), i kraft frå 01.01.2025.

Kap 10.2 i forvaltingsplanen for Region 1, «Førebyggjande og konfliktdempande tiltak», vil vere retningsgjevande for bruken av rammetilskotet.

Framlegget til vedtak er basert på søknader om tilskot til statsforvaltarane, **sjå vedlegg**, innrapporterte behov frå statsforvaltarane, og kunnskap om rovviltførekomst og skadesituasjonen i dei ulike fylka. Fordeling av utgifter 1420.21 på rovviltnemnd og sekretariat er basert på bruken i 2025 og stipulert behov i 2026.

Rovviltnemnda må ta høgde for godtgjering av fellingslag i samband med skadefellingsforsøk og for behov for tilskot til akutte tiltak. Erfaringa viser, seinast frå 2025, at dette er vanskeleg å berekne på førehand. Desse reservesummane skal ligg inne i tabellen under som «akutte tiltak», men er ikkje fordelt enno.

Vi rår nemnda til å følgje statsforvaltarane sine prioriteringar, og til å gje tilstrekkeleg ramme for reservemidlar i utsette fylke. Vi vil som før peike på at det ikkje er høve til å gje tilskot til reine tilsynsprosjekt. Det er heller ikkje høve til å gje tilskot til uspesifiserte utgifter til skadefellingslag utanom pågåande fellingssituasjonar.

Utgifter til nemnda skal dekkast av 1420.21 *Drift av nemnder*. I tillegg skal kompensasjon for sekretariatet dekkast innanfor denne ramma på kr 475 000,-. Sekretariatet foreslår kr 130 000,- til drift og løn til nemnda og kr 345 000,- som kompensasjon til sekretariatet.

142021 *Drift av sekretariat*. For 2026 er det lagt til ein eiga post for drift av sekretariatet på kr 100.000,-

1420.21 *Tenestekjøp* skal dekke utgifter til forskning og utgreiing i regi av nemnda eller statsforvaltar. Det vil seie prosjekt som ikkje kan definerast som tilskot. Dette gjev samtidig klårsignal til at nemnda kan iverksette eigne tiltak på tvers av fylka. Dei enkelte statsforvaltarane må sjølv vurdere om nokon høgt prioriterte FKT-søknader kan omgjerast til kjøp av tenester. Vi foreslår at posten *tenestekjøp* blir fordelt mellom fylka til fylkesvise kjøp. I tillegg kjem vaktordninga for statsforvaltarane inn her, kr 30.000,- til vaktordninga i beitesesongen (kr 2000,- pr uke i 15 veker).

For alle fylka gjeld det at rovviltnemnda og statsforvaltarane må ta høgde for eventuelle behov for akutte tiltak i beitesesongen. Dette kan t.d. vere tidleg nedsanking og kostnader knytt til godtgjering av fellingslag dersom det blir aktuelt å iverksetje skadefelling etter 1. juni. Nemnda har som før sett av ein reserve for akutte tiltak på kroner 100 000 som kan fordelast der trongen er størst gjennom beitesesongen. (Til dømes for 2025 vart heile reservebeløpet nytta som tilskot til tidleg nedsanking i samband med jerveskader i Vestland)

Saksframlegg frå sekretariatet:

Framlegg til vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggjande og konfliktdempande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda slik for 2026:

	1420.73 Tilskot etter søknad	1420.73 Akutte tiltak	1420.21 Tenestekjøp	1420.21 Drift og løn	1420.21 Drift sekretariat
SF Vestland	355 000	45 000	135 000	475 000	100 000
SF Rogaland	20 000	35 000	30 000		
SF Agder	200 000	45 000	135 000		
Nemnda reserve		100 000			
Til saman	575 000	225 000	300 000	475 000	100 000

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Statsforvaltarane har høve til å sette av ytterlegare midlar til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknader som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av 45 tusen kroner til akutte tiltak i Vestland, 45 tusen kroner i Agder og 35 tusen kroner i Rogaland. I tillegg er det sett av kr 100 000,- i reserve til nemnda sin disposisjon. Desse midlane vert nytta til gjennomføring av betinga skadefelling i dei fylka som måtte ha behov for det. Etter avslutta beitesesong og seinast innan 1. oktober ber nemnda statsforvaltarane rapportere inn unytta midlar til sekretariatet for nemnda (Statsforvaltaren i Vestland). Nemnda kan då omprioritere midlane til område og til tiltak som har behov for det. Nemnda kan då og vurdere heile regionen sine behov, og ikkje berre behov innan det enkelte fylke. Slik intern omprioritering innan regionen skal godkjennast av Miljødirektoratet.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak og kan ikkje nyttast til løn og drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar, jf. rovviltforskrifta §§ 9 og 9 a.

5. Statsforvaltarane må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.

6. *Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltingsplanen for Region 1 (kap 8), og forskrifta om førebyggjande tiltak.*

7. *For å få tilskot til førebyggjande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast med statsforvaltaren på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg. Akutte tiltak kan avklarast pr. telefon eller e-post, men skriftleg tilsegn skal sendast så snart som råd.*

8. *Tildeling på 1420.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggjande og konfliktdempande tiltak.*

9. *Det er ikkje høve til å engasjere personell hos statsforvaltaren for gjennomføring av førebyggjande tiltak.*

10. *Tilskot frå 1420.73 skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Statsforvaltaren kan likevel nytte deler av ramma til andre førebyggjande tiltak, jf. forvaltingsplanen kap. 10.*

11. *Mottakar av tilskot skal rapportere bruken innan 1. desember 2026 gjennom elektronisk søknadssenter. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempande effekt. Statsforvaltarane skal rapportere bruken av tilskotsmidlane innan 21. januar 2027 til Miljødirektoratet og rovviltnemnda. Statsforvaltarane skal og rapportere effektar av tilskotet så godt det let seg gjere.*

Statsforvaltaren sitt vedtak ved behandling av søknad kan klagast på til Miljødirektoratet.

Vedtak:

Samrøystes vedteke.

Sak 02/2026: Kvote for betinga skadefelling frå 01.06.2026 – 15.02.2027. Vedtak.

Saksopplysningar

Etter forskrift om forvaltning av rovvilt § 8 skal rovviltnemnda fastsette kvote for betinga skadefelling av gaupe, jerv, bjørn og ulv til statsforvaltarane. Ein føresetnad er at vilkåra i § 7 er oppfylte. Løyva kan nyttast i akutte skadesituasjonar for å hindre skade på bufe. Løyva gjeld for perioden 01.06.2026 – 15.02.2027.

Vilkåra er i dette høvet krav om at vedtaket bygger på bestandsdata frå nasjonalt overvakingsprogram for rovvilt. For bjørn og ulv skal nemnda ta utgangspunkt i siste års yngling. For jerv og gaupe skal ein bygge på gjennomsnitt av dokumenterte data om ynglingar dei siste 3 åra. For region 1, som ikkje har nasjonale mål om ynglingar for nokon av desse artane, er ikkje desse måla avgrensande for nemnda sitt høve til å treffe vedtak om felling, men ein må likevel ta omsyn til naturmangfaldlova § 5, som sett krav om forvaltingsmål for artar. § 7 legg til grunn at nemnda følgjer forvaltingsplanen i sine vedtak, til dømes om felling. Kunnskap om rovviltartane og om skadesituasjonen skal ligge til grunn

for vedtak. Etter vedtak om kvote skal all irregulær avgang av rovvilt belastast den same kvota.

Rovviltnemnda sitt vedtak etter § 8 er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Klima- og miljødepartementet innan 3 veker frå vedtaket er gjort kjend. Statsforvaltarane sine vedtak om iverksetting kan og påklagast. Miljødirektoratet er klageinstans i desse høva.

Gaupe

Rovviltnemnda vedtok at det skulle vere kvotefri gaupejakt i regionen for 2026. Så langt i jaktperioden er det ikkje felt gaupe i regionen.

I Rovbasen, for perioden 01.04.2025 (etter avslutta jaktperiode) til i dag 02.03.2026, er det nokre sikre observasjonar frå regionen (15 sikre observasjonar, alle i Vestland, 14 observasjonar i Luster kommune og ein i Årdal kommune. I Skandobs ligg det inne sju observasjonar, frå alle tre fylka. Skandobs er eit ope registreringssystem der alle kan legge inn observasjonar, men dei blir ikkje kvalitetssikra anna enn meldingar om t.d. yngling av gaupe. Til forskjell frå Rovbasen til Miljødirektoratet der alle opplysningar er kvalitetssikra. Det er dokumentert yngling av gaupe i 2025 i Luster/Årdal, og mor med to ungar er observert i Luster i februar 2026.

Bestandsstatus i Noreg i tal familiegrupper, dei siste tre åra, er 71,5 (2023), 78 (2024) og 91 (2025). Dette er i gjennomsnitt (80) og over det nasjonale bestandsmålet på 65 årlege familiegrupper. Tal for 2026 er per i dag ikkje tilgjengeleg.

Jerv

Nemnda vedtok ein lisenskvote på 8 jerv som kunne fellast i heile regionen i lisensfellingsperioden 2025/2026. Ved lisensslutt 15. februar var ingen jerv felt. I beitesesongen 2025 vart det registrert 17 sikre jerveskader i region 1, fire i Hjelmeland kommune, tre i Stryn kommune, ni i Luster kommune, ein i Voss kommune i tillegg til ein usikker skade i Etne kommune.. Statens naturoppsyn (SNO) felte, ved ekstraordinært uttak, to jervar i Luster kommune 20.01.2026 (to vaksne hannar).

I Rovbasen er det registrert 29 observasjonar av jerv, eller jervespor i tida etter 01.06.2025 og fram til 02.03.2026. Mange er frå Luster kommune (13 av 29), to er frå Suldal kommune, sju er frå Stryn kommune, to er frå Sunnfjord kommune, pluss nokre usikre meldingar frå Eidfjord, Sauda og Sirdal. Det har vore færre observasjonar i den sørlege delen av regionen etter dei ekstraordinære uttaka her i 2025, men det er truleg i storleik 4-6 jervar som jamleg nyttar deler av dette området. Heilt sikre tal vil ein aldri få. På same vis kan vi rekne om lag 8-10 individ i Indre Sogn/Stryn, men det er viktig å peike på at desse individa nyttar område i både region 1 og 3, slik at det er sjeldan at alle jervane er på same plass til einkvar tid.. Utfordringane er som før at jervane vandrar mellom region 3 og region 1 i nord, og mellom region 2 og region 1 i sør. Av regionane her er det berre region 3 som har bestandsmål for jerv med 4 årlege ynglingar.

Sjå figuren under for plassering av dei 17 sikre observasjonane av jerv.



Figur. 1. Oversikt over jerveobservasjonar i tida 01.06.2025 – 23.02.2026. Berre sikre observasjonar er med. Data frå Rovbasen.

Det ble registrert 51 jervekull i Noreg i 2025, med eit gjennomsnitt på 58,7 dei siste tre åra. Omrekna til individ er dette berekna til 308-431 vaksne dyr. Det nasjonale bestandsmålet er på 39 årlege kull, og bestanden blir rekna å vere stabil.

Ulv

Ingen felling av ulv i regionen sidan vinteren 2021 (15.januar, Hyllestad). Det er ingen sikre observasjonar av ulv i regionen i 2025 fram til d.d.

I vinter er det påvist 51-55 ulvar innanfor landets grenser. 32-34 ulvar er berre påvist i Noreg. Det er dokumentert to valpekull i heilnorske revir og tre i grenserevir, til saman fem ulvekull. Bestandsmålet for ulv er 4-6 årlege ulvekull i Noreg og i grenserevir. Det er under bestandsmålet som Stortinget har sett, som er tre heilnorske ynglingar (pluss grenserevir).


Bjørn

Ingen observasjonar siste året og heller ingen skadesaker.

Bestanden for landet (om lag 11,4 ynglingar) er svakt aukande, men ligg framleis under bestandsmålet for bjørn på 13 årlege ynglingar.

Utbetalte erstatningar i region 1 i beitesesongen 2025:

Fylke	Tal søknader	Totalt tap	Erstatta	Erstatningsbeløp
Vestland	57	Sau 189/Lam 1314	Sau 28/ Lam 628	Kr 1 951 175
Agder	11	Sau 58/Lam 287	Sau 2/Lam 181	Kr 538 667
Rogaland	21	Sau 99/ Lam 419	Sau 31/Lam 190	Kr 711 550



Tal dyr erstatta fordelt på skadegjerar for heile regionen:

Art	Sau	Lam	Totalt erstatta	Del erstatta av total
Gaupe	1	21	22	2 %
Jerv	57	662	719	67,1 %
Bjørn	0	0	0	0 %
Ulv	0	0	0	0 %
Kongeørn	0	307	307	28,7 %
Ukjent freda rovvilt	4	19	23	2,1 %
Totalt	62	1009	1071	100,0 %

Kjelde: [Rovbase](#)

Vurdering

Før vedtak om felling skal nemnda vurdere saka etter naturmangfaldlova kap. II. Kravet til bestandsmål for naturleg førekommande arter etter § 5 er i ein særstilling for rovviltartane, sidan Stortinget har vedteke konkrete nasjonale mål for årlege ynglingar. Ulv ligg i dag noko under dette målet, jerv ligg over målet, gaupe ligg over målet og bjørn ligg under målet. Det er fortsett registrering av ulv slik at status kan endre seg. Regionar med ansvar for ynglingar og rovviltsonar har eit spesielt ansvar for å nå måla, men også region 1 må ta sin del av ansvaret for langsiktig overleving. Sjølv om regionen er eit beiteprioritert område.

Naturmangfaldlova § 7 seier at §§ 8-12 skal leggst til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Kravet til kunnskapsbasert forvaltning (§ 8) er stort sett sikra i vedtak som angår rovvilt. Kunnskapen om bestandane er god. Vi vurderer det slik at kunnskapen er tilstrekkeleg god til å kunne vedta kvoter i region 1. Tilfeldige innvandringar og hendingar vil uansett avgrense høvet til å vere føreseieleg eit år fram i tid.

Føre-var-prinsippet (§ 7) er ikkje like relevant med så detaljert kunnskap som det er på rovviltområdet. Ein kan likevel argumentere for at når t.d. ulv og gaupe er i nærleiken av bestandsmålet, vil eit for stort uttak kunne komme i konflikt med langsiktig overleving og § 5, men det er uansett ei større utfordring for dei regionane som har bestandsmål.

Rovviltet døyr stort sett av felling. I høve til samla belastning jf. § 10 kan ulovleg felling eller skadeskyting vere eit problem for enkelte artar. Gjenfangst av DNA-identifiserte jervindivid tyder ikkje på at det er eit stort problem her.

Rovviltnemnda går ikkje inn på dei internasjonale avtalene og konvensjonane som Noreg er del av, til dømes Bernkonvensjonen. Nemnda reknar at det er eit nasjonalt ansvar å vurdere rovviltpolitikken i Noreg opp i mot desse konvensjonane og andre internasjonale avtaler.

Jerv:

Bestandssituasjonen for den delen av jervebestanden som har innverknad på vår region, synast vere nokolunde stabil. Det er meldt inn ein del sporaktivitet frå deler av Vestland, og det er registrert aktivitet sør i regionen. Pr i dag har det vore ekstraordinært uttak av to jerv i regionen, to vaksne hannar, begge i Luster kommune. Vurderinga er framleis slik at beitebrukarar i Stryn, Luster og Årdal kommune kan risikere omfattande skade av jerv også i 2026. Likeins er det risiko for skade i både Rogaland og Vest-Agder. **Vi foreslår ein kvote på 6 jerv.**

Gaupe:

Det vil vere rett å ha ein kvote for å sikre raskt uttak av gaupe, dersom det oppstår skade. Det er ikkje felt gaupe på kvotejakta så langt i vinter. **Vi foreslår ein kvote på 2 gaupe.**

Ulv:

Vi foreslår ein kvote på 2 ulv. Dersom det er mogleg vil det vere viktig å få informasjon om genetisk opphav til ulv for å hindre at viktige individ blir felt.

Bjørn:

Ingen dokumenterte observasjonar, foreslår **kvote på 1 dyr.**

Framlegg til vedtak

I perioden 01.06.2026 til 15.02.2027 kan statsforvaltarane i region 1 nytte desse kvotane for betinga skadefelling:

Art	Tal
Jerv	6
Gaupe	2
Ulv	2
Bjørn	1

Nemnda kan til ein kvar tid trekke kvotane tilbake dersom ny kunnskap gjer det naudsynt. Irregulær avgang blir belasta kvoten.

Iverksetting av løyva skal vere i samsvar med gjeldande forskrifter og forvaltingsplanen for regionen.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Vedtak:

Framlegg frå medlem Trude Brosvik til endring i vedtak om kvote for betinga skadefelling. Kvoten for jerv blir endra frå 6 til 8 jerv, slik vedtaket var i 2025. Grunngeving er omfanget av registrerte jervar både nord og sør i regionen, og potensialet for tap av sau i årets beitesesong.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtaket blir då slik: I perioden 01.06.2026 til 15.02.2027 kan statsforvaltarane i region 1 nytte desse kvotane for betinga skadefelling:

Art	Tal
Jerv	8
Gaupe	2
Ulv	2
Bjørn	1

Sak 03/2026: Eventuelt

-Seksjonsleiar Eline Orheim orienterte om at sekretær Hermund Mjelstad går av til sommaren, og at ny medarbeidar er tilsett.

Vedlegg (elektronisk):

-Brev 27.02.2026 frå Miljødirektoratet om fordeling av FKT-midlar (planleggingsramme).

-Søknader per 15.02.2026 om tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak frå Statsforvaltarane i Agder, Rogaland og Vestland

-Avgjerd i klage på avslag på søknad om skadefelling av jerv i region 1 og 2

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Kopi til:
Adresseliste

Njøsavegen 2, 6863 Leikanger